Jondal, 18.11.13

Anne Korböl
Konsesjonsavdelinga NVE

Takk så mykje for vitjinga dykkar på Garden vår i samband med synfaringa av eventuell utlegging av Krossdalselva slik det er skissert i planane frå Blåfjell A/S.
Det vart då opplyst at me (eg) kunne senda inn uttale i ettertid av synfaringa — som eg no er så fri å gjera.
Eg legg ved eit bilete av Laubrufossen, der det på övre sida er planlagt eit basseng med inngang til tunellen. Biletet er truleg teke i 1930-åra eller sist i 1920-åra — i den tid då turistane bruka syklar til å komma seg fram på lokale grusvegar. Biletet er teke sommarstid med normal vassföring. Det var denne fossen turistane fyrst mötte ved inngang til Övre Krossdalen, som då var eigen skulekrins, der eg har gått alle mine skuleår i barneskulen.
Og sjølve elva, særleg nedanfor fossen, vekkjer mange minne i meg frå oppveksttåra, med fiskeplassar, slipesteinar og to kvernar.
Eg sat mang ein gong ved slipesteinen vår og slipte i vassdrev frå kallen. Og eg var med far mi og mor i mörke kveldar i krigs-

åra, i redsle for at nazistane skulle oppdaga "brotsvekka". Kvednsteinane vart plomberte med raudt, og me braut lakket og la det tilbake etter bruk. Etter kvart stoppa nazistane all bruk av kverna.

At fiske hadde verdi sommartid er nærmast sjølvsagt. Det var matforsyninga den tid. No har fiske først og fremst verdi i turist-samanheng, og for oss som driv i den bransjen, vil nok tilbod om fiskeplassar vera eit pluss.

I historisk samanheng har eg no lagt vekt på kulturelle sider i det som var. Då vil det vel vera rett å ta fram nokre reelle og aktuelle problemstillingar som eg opplever her i [illegible].

I 1970-åra og framover gjekk det føre seg store vassdragsutbyggingar oppe i fjella våre. Denne utbygginga såg me positivt på. Landet vårt trong energi, og utbygginga gjekk for seg i eit område med lite ferdsel. I dag hadde det vore endå mindre ferdsel dersom anleggsvegane ikkje hadde vorte vedlikehaldne. Og sjølv om vassføringa minka med 85% – etter det eg har forstått – var inngrepa til å leva med.

Den utbygginga det er no lagt opp til, grip inn på ein heilt annan måte. Det vil skje midt i bygda vår, der me går dagleg gard i mellom. Laubrufossen og nærmaste omgjevnadar har vore inngangsporten til bygda vår, eit levande bygdesamfunn. Ei eventuell ut-

bygging slik det er lagt opp til, vil bygda sjølve scenariet i det som har vore karakteristisk i landskapet.

Venleg helsing Trygve Fjærevik
5627 Jondal

P.S. Det hadde gledd meg om de kunne ta tid å returnere vedlagde bilete!